



Lund og Laastad Arkitekter AS  
Strandgaten 201  
5004 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/1854 - 18/27108

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
04.09.2018

## Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 124/24 Kjeilegavlen

Tiltak: Fritidsbustad  
Byggjestad: Gbnr: 124/24  
Tiltakshavar: Sijoni Invest AS  
Ansvarleg søkjar: Lund og Laastad Arkitekter AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 13.06.2018. Vi seier oss lei for sein tilbakemeldinga i saka.

### Mottakskontroll

Vi viser til telefonsamtale tidlegare vedkomande vatn og avløp for eigedomane gbnr 124/24-26. Etter gjennomført mottakskontroll har vi følgjande merknader til søknaden:

#### Teikningar og situasjonsplan

Det er oppgitt i søknaden at avstand til nabogrense mot gbnr 124/25 er mindre enn 4 meter. Avstand til nabogrense og ytre hovudmål for bygget må førast på situasjonsplanen.

Høgdeplasseringa av bygget i forhold til terreng må gjevast opp som kotehøgd, gjerne på snitt-teikninga. Planteikninga må påførast ytre hovudmål.

Terrengsnitt over parkeringsplass med kotehøgd må sendast inn.

#### Vatn og avløp

Eigedomen skal knytast til offentleg vassverk og det skal etablerast privat avløpsanlegg. Tilkopling til offentleg vassverk er godkjend, men vi kan ikkje sjå at det er søkt om utsleppsløyve. Nødvendig utsleppsløyve må liggja føre før igangsetjingsløyve vert gitt.

Etablering av anlegg for vatn og avløp krev også løyve etter plan- og bygningslova. Vi ber om tilbakemelding på om dette vert søkt om i eiga sak, eller om etablering av anlegg for vatn og avløp skal inngå i rammesøknaden. Dersom tiltaket skal inngå i rammesøknaden bør hovudanlegget leggast på ei av



byggjesakene og den del av anlegget som tenar den enkelte tomt inngå i byggjesaka for den enkelte fritidsbustad. Søknadane må supplerast med nødvendig dokumentasjon.

#### Avkjørsle og parkering

Plassering av avkjørsle frå privat veg må gå fram av situasjonsplanen. Parkeringsplassen og avkjørsle ligg på eigedomane gbnr 124/24 og 124/25. Det må dokumenterast at eigedomane er sikra gjensidig rett til bruk av felles parkeringsareal/avkjørsle seinast ved igangsetjingsløyve.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 25.09.2018. Spørsmål kan rettast til Anne Lise Molvik på e-post eller telefon.

Kommunen vil gjera vedtak i saka så snart vi har mottatt etterspurd dokumentasjon.

#### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

#### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Kopi til:**

Sijoni Invest AS                                  Fabrikkgaten 5                  5059                                  BERGEN

#### **Mottakarar:**

Lund og Laastad Arkitekter AS                  Strandgaten 201                  5004                                  BERGEN